

Arkivnr: 2018/16486-44
Saksbehandlar: Målfrid Vik Sønstabø

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Møtedato
Partssamansett utval	13.05.19

Organisasjonsstruktur for ny kollektiveining i Vestland fylkeskommune**Prosjektleder rår til at partssamansett utval (PSU) gjer følgjande vedtak:**

Partssamansett utval (PSU) sluttar seg til den foreslåtte modellen for organisering og integrasjon av Skyss og Kringom i den nye kollektiveininga i Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Presentasjon: Ny kollektiveining i Vestland fylkeskommune - organisasjonsstruktur

Prosjektleder, 02.05.2019

Bakgrunn for saka


Prosjektleder har gjennomført eit utgreiingsarbeid for etablering av ny kollektiveining i Vestland fylkeskommune. Arbeidet er organisert som eit prosjekt og er avgrensa til organisatorisk integrasjon av dagens kollektiveining Skyss (Hordaland) og den delen av samferdselavdelinga i Sogn og Fjordane som omfattar oppgåver knytt til merkevaren Kringom. Arbeidet byggjer vidare på anbefalinga frå DPO 5 – delprosjekt Kollektiv og Mobilitet fase 2.

Val av løysing for organisering av den nye kollektiveininga ligg innanfor prosjektleder si fullmakt til å fastsetje administrativ organisering for Vestland fylkeskommune. Før prosjektleder gjer sitt endelege val vert forslaget til organisering lagt fram for uttale i partsamansett utval (PSU).

Kort om forslaget til organisering og vidare arbeid

Prosjektets formål er å sikre ei robust organisering som skal leggje godt til rette for organisatorisk integrasjon mellom Skyss og Kringom. Prosjektgruppa har hatt tre møter med vurdering av innhenta informasjon frå begge organisasjonane, utarbeida designprinsipp for ny organisering, diskutert forslag til organisasjonsdesign og landa på ei inndeling som alle har slutta seg til.

Resultatet er ei kollektiveining med sju hovudavdelingar slik som vist i figuren under.



Nærmare omtale av denne hovedstrukturen finn ein i vedlagte presentasjon.

Det vidare arbeidet vil avklare ansvarsområder og grensesnitt i og mellom hovudavdelingane, og i tillegg kome med forslag til seksjonsstruktur og roller/stillingar i dei føreslåtte avdelingane. Fleire parallelle avklaringar vil ha betydning for den samla organisasjonsutforminga og endeleg framdrift. Det er lagt opp til at det vidare arbeidet skal pågå fram til sommaren, der målet er at dei fleste skal vere innplassert i sine stillingar før sommarferien.

Prosess med dei tilsette

I prosjektgruppa har og dei tillitsvalde vore representert. Det har vore ein representant frå begge fylka, og ein eller begge av desse har delteke i alle prosjektmøta. Dei har kome med sine innspel og anbefalingar, og har stilt seg bak alle anbefalingar/forslag prosjektgruppa har utarbeidd. I tillegg har arbeidet til prosjektgruppa vore presentert for dei tillitsvalde og vernetenesta i begge fylka, gjennom to referansegrupper/omstillingsutval. Dei har kome med sine innspel og er positive til prosessen så langt, og til korleis det vidare arbeidet er lagt opp.

Dei tilsette har vore involvert i prosessen heile vegen og har hatt moglegheit til å kome med sine innspel til arbeidet mot organisasjonsstruktur for den nye kollektiveininga. Det har vore utført spørjeundersøking i Skyss og samtale med dei tilsette i Kringom. I tillegg har det vore utført fokusintervju der ein har forsøkt å kartlegge hovudprosessane i begge organisasjonane, samt sett på kva som fungerer/ ikkje fungerer i dagens organiseringar.

I det vidare arbeidet vil det og bli lagt opp til brei involvering, der det vil bli nedsett arbeidsgrupper med representantar frå dei ulike avdelingar i begge dagens organisasjonar.